



Kommunal- og
distriktsdepartementet

Løyvingar til samiske føremål i statsbudsjettet 2026



Løyvingar til samiske føremål

Staten Noreg er etablert på territoriet til to folk, samar og nordmenn. Regjeringa har som mål at samane skal få utvikle språket, kulturen og samfunnslivet sitt.

Grunnlova § 108 og samelova er dei nasjonale rettsgrunnlag for samepolitikken. Noreg har òg ei rekke folkerettslege forpliktingar som legg føringar for samepolitikken. Alle departementa har ansvar for å følgje opp gjennomføringa av samepolitikken innanfor sektoren sin. Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna samordningsansvaret for statleg samepolitikk og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

I Kommunal- og distriktsdepartementets Prop. 1 S (2025–2026) blir det gitt ei kort omtale av samepolitiske mål og strategiar for arbeidet til departementet.

Denne publikasjonen gir ei kort og samla framstilling av dei ulike departementa sine forslag til løyvingar til samiske føremål i 2026¹.

Innhald

Sametinget	3
Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD)	4
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD)	7
Utanriksdepartementet (UD)	8
Kunnskapsdepartementet (KD)	9
Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD)	13
Justisdepartementet (JD)	16
Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)	18
Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)	19
Barne- og familiedepartementet (BFD)	21
Landbruks- og matdepartementet (LMD)	22
Klima- og miljødepartementet (KLD)	26
Samferdselsdepartementet (SD)	28

¹ Ved eventuelle avvik mellom dei ulike budsjettproposisjonane til departementa og denne publikasjonen, er budsjettproposisjonane gjeldande.

Oversyn over løyvingar til samiske føremål

(i 1000 kroner)

	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Evttohus 2026
Kommunal- og distriktsdepartementet	700 894	779 965	806 470
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	62 898	78 857	41 800
Kunnskapsdepartementet	487 549	447 544	510 644
Kultur- og likestillingsdepartementet	69 826	73 838	75 770
Justisdepartementet	7 900	21 300	21 300
Nærings- og fiskeridepartementet			7 000
Helse- og omsorgsdepartementet	44 300	55 100	28 400
Barne- og familiedepartementet	10 705	10 950	10 950
Landbruks- og matdepartementet	222 513	251 201	296 880
Klima- og miljødepartementet	194 910	185 517	180 517
Sum	1 801 495	1 904 272	1 979 731

Det vil òg bli gitt tilskot til samiske føremål over Utanriksdepartementets budsjett, sjå nærare omtale side 8.

Det er gitt ei nærare presisering av summane som er beskrivne i tabellen under omtalene frå kvart departement i denne publikasjonen. Det blir òg gitt tilskot til samiske føremål over tilskotspostar der tilskotsfordelinga vil skje på eit seinare tidspunkt. Desse tilskota inngår ikkje i summane i tabellen, men er beskrivne i dei departementsvise omtalene.

Sametinget

Sametinget vil ifølgje budsjettforslaget forvalte om lag 773 mill. kroner i 2026.

Sametingets første heile driftsår var i 1990. Då hadde Sametinget eit budsjett på 31,7 mill. kroner. Sametingets budsjett har hatt ei positiv utvikling gjennom mange år. Utviklinga er i tråd med målsetjinga til styresmaktene om at Sametinget skal ha større innverknad og myndigheit i saker som er av spesiell interesse for den samiske befolkninga.

Oversyn over løyvingar til Sametinget

(i 1000 kroner)			
	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Kommunal- og distriktsdepartementet	666 721	747 514	772 881
Sum	666 721	747 514	772 881

Regjeringa og Sametinget etablerte i 2019 ei ny budsjettordning, der dei årlege overføringane til Sametinget som utgangspunkt skal samlast under éin post i statsbudsjettet, jf. omtale under kap. 560, post 50 i Prop. 1 S (2018-2019) for (tidlegare) Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Ordninga gir Sametinget større handlingsrom til sjølv å prioritere økonomiske verkemiddel mellom ulike tiltak.

Kap. 560, post 50 er ein felles budsjettpost som finansierer dei sektorområda som fagdepartementa har eit ansvar for å vareta. Retningslinjene for den nye budsjettordninga, som Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeidde, skal bidra til å handtere eventuelle utfordringar éin samla post kan skape i ansvarsfordelinga mellom departementa. Eit viktig premiss for ordninga er at kvart departement framleis har ansvaret for samiske saker innanfor sektoren sin.

Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget, fordeler Sametinget løyvingane i det siste plenums møtet sitt kvart år. Sametinget fordeler løyvingane etter eigne prioriteringar, men i tråd med Stortingets budsjettvedtak. Rammene for Sametingets økonomiforvaltning blir fastsette av Kommunal- og distriktsdepartementet i reglement for Sametingets økonomiforvaltning, jf. samelova § 2-1, tredje ledd. I reglementet har departementet fastsett at økonomireglementet og avgjerder om økonomistyring i staten òg gjeld for Sametinget.

Sametinget har forvaltningsansvar for ei rekke administrative forhold, slik som valet til Sametinget, fordeling av økonomiske tilskot, fastsetjing av delar av skulens læreplanar, forvaltning av samiske kulturminne etter kulturminnelova og tilhøyrande forskrifter, og oppnemning av representantar til ulike offentlege organ. Sametinget utøver dessutan myndigheit og påverknad gjennom deltaking og representasjon i ei rekke utval, styre og råd.

For meir om Sametingets verksemd, sjå www.samediggi.no.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
560	50	Samiske føremål, Samisk språk, kultur og samfunnsliv	666 721	747 514	772 881
560	51	Samiske føremål, Divvun	12 919	13 410	13 893
560	55	Samiske føremål, Samisk høgskole	8 150	8 979	9 302
563	01	Internasjonalt reindriftssenter, Driftsutgifter	6 729	6 802	7 017
563	21	Internasjonalt reindriftssenter, Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> ¹	6 375	3 260	3 377
Sum			700 894	779 965	806 470

¹ Rekneskapstallet inkluderer ekstern finansiering av prosjekt i regi av Internasjonalt reindriftssenter.

I tillegg blir det løyvd midlar til samiske føremål over følgjande budsjettkapittel og postar:

Kap.	Post	Nemning
500	72	Kommunal- og distriktsdepartementet, Noregs forskningsråd, <i>kan overføres</i>
553	63	Grenseregionale Interreg-program

Kap. 560 Samiske føremål, post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv

Posten utgjør hovudløyvinga til Sametinget.

Løyvingsendringar:

- Løyvinga er foreslått redusert med 4 mill. kroner sidan det ikkje skal gjennomførast Sametingsval i 2026.
- Løyvinga er foreslått auka med 2,6 mill. kroner for å innlemme Saltdal kommune i forvaltingsområdet for samiske språk.

Samla blir det forslått å løyve 773 mill. kroner i 2026 til Sametinget. Løyvinga blir i sin heilskap forvalta av Sametinget.

Kap. 560 Samiske føremål, post 51 Divvun

Divvun, som er ei eiga eining ved UiT Noregs arktiske universitet, utviklar og driftar teknologiske språkverktøy for dei samiske språka. Moderne språkteknologi er ein føresetnad for at samiske språk skal kunne overleva som bruksspråk i dagens samfunn.

Samla blir det forslått å løyve 13,9 mill. kroner i 2026 til Divvun.

Kap. 560 Samiske føremål, post 55 Samisk høgskole

Samisk høgskole utfører enkelte oppgåver på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Løyvinga skal dekkje drift av Fagleg analysegruppe for samisk statistikk og drift av ordninga Samiske vegvisarar.

Samla blir det foreslått å løyve 9,3 mill. kroner i 2026 til Samisk høgskole.

Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter, post 01 Driftsutgifter og post 21

Spesielle driftsutgifter, *kan overføres*

Internasjonalt reindriftssenter i Kautokeino er ein fagleg sjølvstendig institusjon som vedtar eigne mål og resultatkrav innanfor dei rammene som Kommunal- og distriktsdepartementet fastset. Arbeidet skal vere retta mot næringsutøvarar, offentlege styresmakter, forskingsmiljø og andre fagmiljø, i tillegg til internasjonale organisasjonar og samarbeidsorgan. Styret er det øvste organet på senteret.

Det blir foreslått ei samla løyving på 10,4 mill. kroner til Internasjonalt reindriftssenter i 2026.

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 72 Noregs forskningsråd, kan overførast

Tilskot til forskingsprogram under Noregs forskningsråd skal underbygge og gi eit godt grunnlag for faglege og politiske vedtak, og medverke til at det finst kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar.

Midlane skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for eit sterkt og velfungerande demokrati med effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar, god planlegging og forvalting, næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt, samisk forskning og forskning som gjeld nasjonale minoritetar. Tildelinga skal mellom anna vidareføre valforskningsprogrammet (stortingsvalundersøkinga og lokalvalundersøkinga).

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa og har i samarbeid med departementa og Forskningsrådet utarbeidd systemet for departementa si styring av Forskningsrådet. Sjå budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet for nærare omtale av overordna mål og samla måloppnåing for Forskningsrådet.

Samisk forskning

Prosjekta i porteføljen for samisk samfunn og kultur medverkar til å utvikle ny kunnskap for at den samiske befolkninga skal sikre og utvikle språka, kulturen og samfunnslivet sitt. Fleire prosjekt har betydeleg regional og distriktpolitisk relevans, særleg innanfor klima, miljø og næringsverksemd, og samanhangen mellom tradisjonell/lokal kunnskap for berekraftig næringsutvikling, forvalting og bruk av naturressursar.

For ei nærare omtale av forskningsrådet sine tildelingar til samisk forskning, sjå omtale under Kunnskapsdepartementet i denne publikasjonen.

Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i grenseregionale Interreg-program, tilskot til Arktis 2030, tilskot til det norske Barentssekretariatet, sekretariat for Regionalt nordområdeforum i Vadsø og Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge i Skibotn. Tilskot til transnasjonale og heil-europeiske Interreg-program blir omtalt under post 76.

I inneverande Interreg-periode (2021–2027) deltek Noreg mellom anna i programma Interreg Aurora (post 63) og Nordlig Periferi og Arktis (post 76) der det siste dekkjer nordisk Arktis, inkludert Nord-Noreg og der deltaking frå urfolk er ønskjeleg. Prosjekta fremjar regional utvikling, utveksling av kunnskap, berekraftig økonomisk vekst og grøn omstilling. Samarbeid over landegrensene gir høgare kapasitet og kompetanse hos aktørane for å løyse regionale og distriktpolitiske utfordringar og bygge ned grensehinder. Programma er i tråd med prioriteringane frå fylkeskommunane.

Tilskot frå Arktisk 2030 blir løyva av Troms fylkeskommune, i samråd med Nordland fylkeskommune og Finnmark fylkeskommune etter ei vurdering av kriteria:

- Kunnskap: Auka kunnskap om polare strøk og samfunn, kompetansebehov, forvaltning og miljø og naturressursar i nordområda.
- Infrastruktur: Auka kunnskap om og tilrettelegging for å møte infrastrukturbehov som følge av auka aktivitet i nordområda.
- Miljøvern, tryggleik, beredskap og klimaendringar: Auka kunnskap om og kapasitet til førebygging og handtering av forureining og ulykker i nordområda. Auka kunnskap om klimaendringar, konsekvensar av dette og grøn omstilling.

Fylkeskommunane skal mellom anna legge vekt på situasjonen for urfolk i vurderingane av søknadane.

Grenseregionale Interreg-program

Målgruppene er lokale, regionale og nasjonale styremakter, aktørar frå lokalsamfunn og urfolk, privat næringsliv, forskings- og utviklingsaktørar og frivillige organisasjonar. Ordninga skal mellom anna bidra til regional utvikling gjennom grensekryssande samarbeid, eit smartare, grønar, meir samanknytt og meir sosialt Europa samt eit Europa nærare borgarane. Eit eige mål om å styrkje administrativ kapasitet i grenseoverskridande samarbeid kjem i tillegg. Arbeidet skal gi deltakarar tilgang på verktøy, kompetanse, erfaring og økonomiske verkemiddel til utviklingsprosjekt, og mellom anna støtte opp under EU sin grønne giv og EU sitt nye europeiske Bauhaus.

I programmet Interreg Aurora (12,8 mill. kroner) er innsatsen retta mot forskning og innovasjon, entreprenørskap, klima og miljø, kultur og arbeidsmarknad. Programmet omfattar Nordland, Troms og Finnmark og regionar i Nord-Finland og Nord-Sverige. Programmet har eit delprogram, Sápmi, som dekkjer heile det samiske området frå Innlandet til Finnmark, og alle samiske område i Sverige og Finland.

Det norske Barentssekretariatet

Barentssekretariatet skal fremje og finansiere samarbeidsprosjekt, og vere eit ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande- og nordområdesamarbeid. Målet med ordninga er god samfunnsutvikling i nord. Måloppnåing for tilskotsordninga skal vurderast etter desse kriteria:

- Prosjektet har gitt meir/betre samarbeid mellom norske, finske og/eller svenske aktørar i nord, eventuelt òg med aktørar frå andre regionar i Arktis.
- Prosjektet bidrar til samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Tilskotsordninga blir forvalta av Barentssekretariatet. Sekretariatet kan gi tilskot til prosjekt som er innretta mot internasjonalt samarbeid mellom aktørar i Nord-Noreg og aktørar i finske og svenske regionar i nord, inkludert urfolkssamarbeid.

Delar av løyvinga går til drift av sekretariatet og til utviklingsoppgåver i tråd med oppdraget. Sekretariatet skal arbeide med å hente inn og samordne kunnskap frå aktørar i regionen. Dei skal hjelpe fylkeskommunane i Nord-Noreg i samfunnsutviklingsrolla deira, gjennom å fremje, utvikle og styrkje samarbeid med aktørar, først og fremst i finske og svenske regionar.

Det vart løyvd 42 mill. kroner til sekretariatet i 2025. Av dette gjekk inntil 16 mill. kroner til drift og forvaltning. Sekretariatet har omstilt seg godt til det nye oppdraget sitt, og det er god søking til ordninga. For rapportering for 2024, sjå Prop. 1 S (2024-2025).

Sekretariat for Regionalt nordområdeforum

Regionalt nordområdeforum er ein arena for politisk dialog som skal styrkje situasjonsforståinga mellom nasjonalt og regionalt nivå og Sametinget, om spørsmål som er særleg relevante for utviklinga i nord. Dei faste medlemmane i forumet er den politiske leiinga i Kommunal- og distriktsdepartementet, Utanriksdepartementet, Nærings- og fiskeri-departementet, fylkeskommunane i Nord-Noreg og Sametinget. I 2025 vart det løyvd 1,6 mill. kroner til drift av forumets sekretariat.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert	Forslag 2026
				budsjett 2025	
1520	01	Statsforvalterane, Driftsutgifter ¹	28 658	30 857	31 800
2445	30	Statsbygg, Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i> ²	10 000	10 000	
2445	33	Statsbygg, Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i> ³	24 240	38 000	10 000
Sum			62 898	78 857	41 800

¹ Tildelinga finansierer oppgåvene til dei nordlegaste statsforvaltarane som regional reindriftsmyndigheit.

² Tildelinga gjaldt prosjektering av det samiske museet RiddoDuottarMuseat. Sjå omtale under Kultur- og likestillingsdepartementet.

³ Tildelinga gjeld samlokalisert nybygg for Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule og Det samiske nasjonalteateret Beaivváš i Kautokeino. Bygget vart ferdigstilt i 2024, men vil få kostnader i reklamasjonsfasen i 2025 og 2026.

Kap. 1520 Statsforvaltarane, post 01 Driftsutgifter

Reindrift ligg innanfor den ordinære driftsramma til statsforvaltaren. Løyvinga er derfor eit overslag over kor mykje av den totale løyvinga til dei nordlegaste statsforvaltarane som skal dekkje oppgåva deira som reindriftsmyndigheit.

Utanriksdepartementet (UD)

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar, post 70 Pliktige bidrag

Noregs pliktige bidrag til Nordisk ministerråd blir løyvde under kap. 116 Internasjonale organisasjonar, post 70 Pliktige bidrag. Nordisk ministerråd tildelte 3,765 mill. danske kroner i støtte til det samiske samarbeidet på kulturområdet i 2025. Midlane vart fordelte mellom Samerådet (3,125 mill. danske kroner) og Samisk kunstnarråd (0,64 mill. danske kroner). Støtta går til å styrkje samisk kultursamarbeid på tvers av landegrensene i Norden, og dessutan støtte til bevaring av den samiske kulturarven og dei samiske språka. Barn og unge er ei viktig målgruppe for innsatsen. Støtta til det samiske samarbeidet på kulturområdet blir forventa å ligge på same nivå i 2026.

På utdanningsområdet (nordisk-samisk forskningssamarbeid) tildelte Nordisk ministerråd 1,497 mill. danske kroner i 2025. Midlane blir overførte til Samisk høgskole, og går til auka forskning og kunnskapsutvikling, publisering, rekruttering, forskarutdanning og kunstnarisk utviklingsarbeid, innanfor disiplinane språkforskning, samerett, utdanningsforskning, samfunnsforskning, duodji og andre fag. Støtta er forventa å ligge på 1,526 mill. danske kroner i 2026.

Noregs pliktige bidrag til drifta av Arktisk råd sitt «Indigenous Peoples' Secretariat» (IPS) i Tromsø i 2026 ligg på omkring 1,5 mill. kroner. Føremålet med sekretariatet, som er samlokalisert med Arktisk råd sitt sekretariat i Tromsø, er å støtte opp under dei seks urfolksorganisasjonane si deltaking i Arktisk råd.

Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar, post 70 Nordområda og Antarktis

Arktis 2030

UD inngjekk i 2025 avtale om eit treårig tilskot til Samerådet si deltaking i Arktisk råd på totalt 4 mill. kroner. Tilskotet er fordelt med 1,3 mill. kroner i 2025, 1,4 mill. kroner i 2026 og 1,3 mill. kroner i 2027.

Føremålet med tilskotet er å bidra til at Samerådet er godt representert og kan bidra i diskusjonar og i arbeidsgrupper under Arktisk råd som handlar om berekraftig utvikling i Arktis og Sápmi.

Frå 2026 er Arktis 2030 samla under Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett.

Kunnskapsdepartementet (KD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
222	01	Driftsutgifter	159 455	156 701	160 293
222	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 399	1 986	2 056
225	63	Tilskot til samisk grunnopplæring	152 396	114 179	156 095
226	21	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> ¹	15 000	13 000	17 800
227	63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar ²	29 097	32 226	34 400
260	50	Statlege universitet og høskular ³	129 002	129 152	139 400
2410	73	Avskrivingar, <i>overslagsløyving</i> ⁴	200	300	600
Sum			487 549	447 544	510 644

¹ Beløpet gjeld overføringar til Sametinget for samiske læremiddel. I tillegg er det midlar forvalta av Utdanningsdirektoratet til m.a. samisk fjernundervisning.

² Beløpet gjeld den delen av løyvinga som går til tilskot til sameskulane i Snåsa og Målselv, og skuleskyss. I tillegg er det midlar til Nordland fylkeskommune og Hamarøy kommune til å vidareutvikle lulesamiske profil- og ressurskular.

³ Gjeld rammeløyving til Samisk høgskole og 7 mill. kroner til UiT Noregs arktiske universitet for utgreiing av eit nasjonalt kompetansesenter om fornorskingspolitikk og urett.

⁴ Beløpet gjeld den delen av løyvinga på posten som er foreslått løyvd til å ettergi lån for dei som har tatt studiepoeng i eit samisk språk som del av eller i tillegg til ei lærarutdanning.

I tillegg blir det løyvd midlar til samiske føremål over desse kapitla og postane:

Kap.	Post	Nemning
231	21	Barnehagar
254	70	Tilskot til studieforbund
260	50	Universitet og høskular ¹
285	72	Noregs forskingsråd, <i>Langsiktig grunnleggande forskning</i>

¹ Kap. 260, post 50 gjeld løyvingar til andre universitet og høskular enn Samisk høgskole, der midlarretta mot samiske tiltak inngår i den samla rammeløyvinga.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*

Løyvingane under kap. 222 dekkjer drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok, Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino og Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal.

Det er behov for å auke funksjonaliteten til Sørsamisk kunnskapspark, som vil betre rammene for dagens aktivitetar og kapasitet. I løyvinga inngår 1,5 mill. kroner til ei ombygging der kostnaden skal dekkast over husleiga frå verksemda over ein periode på 10 år. Ei auka grad av funksjonalitet for kunnskapsparken vil bidra til å styrkje samisk språk, kultur og identitet. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 160,3 mill. kroner på post 01 og 2,1 mill. kroner på post 45.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 3-2 og § 6-2 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i samiske språk, og at lærarstudentar tek utdanning i samiske språk. Under posten er det tre tilskotsordningar:

- tilskot til samiskopplæring i grunnskulen
- tilskot til samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar.

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 156,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 2 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk og stipend for studiar i samiske språk. Tilskotet skal styrkje kompetansen i samisk for lærarar og lærarstudentar. Det

er rapportert ein auke i talet på søknader knytt til vidareutdanninga og rekrutteringsstipend samanlikna med tidlegare år.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

For 2024 vart det nytta:

- 4,5 mill. kroner til fjernundervisning i sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk
- 1,7 mill. kroner til auka kvalitet i fjernundervisning
- 6 mill. kroner til Sametinget til samiske læremiddel i fagfornyinga
- 2,8 mill. kroner til støttefunksjonar tilknytt Samisk vidaregåande skule

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve totalt 17,8 mill. kroner over kap. 226, post 21 i 2026. Løyvinga omfattar 11,8 mill. kroner til samisk fjernundervisning og midlar til ei utgreiing om læremiddelsituasjonen, som skal tildelast Utdanningsdirektoratet, medan 6 mill. kroner til samiske læremiddel i fagfornyinga skal tildelast Sametinget.

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular, post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane tek opp elevar frå heile landet. Tilskotet skal også bidra til å dekkje utgifter til skuleskyss for elevar ved den kommunale sameskulen i Målselv.

Kunnskapsdepartementet foreslår òg eit tilskot på posten til Nordland fylkeskommune (Nord-Salten vidaregåande skule (tidlegare Knut Hamsun vidaregåande skule)) og Hamarøy kommune (Drag skule) på 1 mill. kroner. Midlane skal bidra til å vidareutvikle lulesamiske profilskuler og ressurskuler. Målet med tilskotet er å:

- sikre at elevar får eit godt lulesamisk opplæringstilbod i heile grunnopplæringa
- bidra til utvikling av god opplæring i lulesamisk språk og kultur
- støtte opp om arbeidet med å løfte opp lulesamisk språk, kultur og identitet på alle skulane og særleg i Nordland fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet foreslår eit tilskot på 34,4 mill. kroner innanfor løyvinga på posten.

Kap. 231 Barnehagar, post 21 Særskilte driftsutgifter

Regjeringa viser til at etterspurnaden etter samiske barnehagetilbod har auka over tid i heile landet. Utviklinga i dei samiske barnehagetilboda har ikkje auka tilsvarande. Den største utfordringa for å handtere etterspurnaden er mangelen på samiskspråklege tilsette, for å styrkje og utvikle samiske språk og samisk identitet i barnehagen. Kommunane har ansvaret for å legge til rette barnehagetilbodet til samiske barn.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å følgje opp fire oppmodningsvedtak i samband med behandlinga av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport Dokument 19 (2022–2023), jf. Innst. 30 S (2024–2025). Oppmodningsvedtaka handlar om å gjennomgå språkopplæringa i samisk og kvensk, og iverksette tiltak for at fleire barn skal lære språka i heile opplæringsløpet.

Etter forslag frå og i samråd med Sametinget vil regjeringa opprette ei ekspertgruppe som skal vurdere korleis barnehagetilbodet til samiske barn kan bli betre. Departementet vil ha dialog med Sametinget om samansetjing av gruppa og utforming av mandatet. Sjå også oppmodningsvedtak nr. 796 (2015–2016).

Kap. 254 Tilskot til vaksenopplæring, post 70 Tilskot til studieforbund

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til tre godkjente studieforbund, slik at desse kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne. Ein mindre del går til refusjon av kostnader knytt til opplæring av vaksne i samisk språk på grunnskulenivå gjennomført av godkjente studieforbund. Storleiken på desse tilskota blir berekna ut frå aktiviteten førre år.

Kap. 260 Universitet og høgskular, post 50 Statlege universitet og høgskular

For universitet og høgskular inngår midlar til samiske føremål i rammeløyvingane til høvesvis Samisk høgskole, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og Nord universitet. For Samisk høgskole går heile løyvinga til samiske føremål. For UiT og Nord universitet inngår samiske føremål som del av løyvinga, og begge institusjonane har utdanning og forskning som omhandlar samiske føremål. Samisk høgskole tilbyr mellom anna fag som samisk språk og litteratur, duodji, reindrift og urfolkskunnskap, lærarutdanning og journalistikk. Felles for alle faga er at dei er baserte på samisk kultur og tradisjonskunnskap.

I 2026 foreslår Kunnskapsdepartementet ei rammeløyving på 132,4 mill. kroner til Samisk høgskole.

Regjeringa vil greie ut organisering av eit nasjonalt kompetansesenter om fornorskingspolitikk og urett. I 2026 blir 7 mill. kroner tildelte UiT, som vil få i oppdrag å gjennomføre utgreiinga i tett dialog med samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske miljø, og i tråd med føresetnadane frå Stortinget om å byggje på eksisterande fagmiljø.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tjenesteleverandør, post 70 Nasjonal infrastruktur for tungregning (NY POST)

Regjeringa foreslår å vidareføre 20,7 mill. kroner til finansiering av reknekraft til trening av norske og samiske språkmodellar, levert av det statlege tungrekneselskapet Sigma2 AS, jf. Omtale under kap. 273. post 70 i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Retten til lån og stipend til utdanning i utlandet gjeld som hovudregel berre utdanningar som er på fulltid. Det har vore få tilbod av utdanning i sørsamisk språk i Noreg dei siste åra, men det finst fleire slike utdanningar på deltid i utlandet. Frå studieåret 2024–25 vart det derfor innført eit unntak frå kravet om at ei utdanning i sørsamisk i utlandet skal vere på fulltid for å gi rett til lån og stipend. Bakgrunnen for dette var at sørsamisk står på UNESCOs liste over trua språk, og at utdanningstilbodet i Noreg for dette språket er lite. Samstundes har det norske samfunnet eit stort behov for personar med kompetanse i sørsamisk, spesielt innanfor barnehage, skule og offentleg tenesteyting. Det var ingen søkarar som nytta seg av dette unntaket for sørsamisk utdanning i utlandet i studieåret 2024–25.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Posten omfattar ulike ordningar for avskrivning av gjeld i Lånekassa. Dei som har tatt minst 60 studiepoeng i eit samisk språk som del av eller i tillegg til ei lærarutdanning, kan få ettergitt lån i Lånekassa med inntil 50 000 kroner. Målet er å rekruttere fleire lærarar med kompetanse i samiske språk.

For å stimulere til at fleire vel å ta studiepoeng i samisk, foreslo regjeringa i 2024 å utvide ordninga for avskrivning av lån. Utvidinga skal gi dei som tek lektorutdanning, grunnskulelærarutdanning og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, same rett til å få sletta gjeld også

når studiepoenga i eit samisk språk er tekne utanom eller i tillegg til profesjonsutdanninga. Tiltaket aukar løyvingssbehovet med 0,3 mill. kroner i 2024.

I 2024 var det fire personar som fekk ettergitt til saman 0,2 mill. kroner på dette grunnlaget. Det blir foreslått ei løyving på 0,6 mill. kroner til føremålet i 2026.

Kap. 285 Noregs forskingsråd, post 72 Langsiktig, grunnleggande forskning, mv.

Midlar til samisk forskning over kap. 285, post 72, går til Porteføljen for samisk samfunn og kultur (SAMISK). Den omfattar forskning om samiske problemstillingar i humaniora og samfunnsvitskap, naturvitskapeleg forskning innanfor helse, klima og miljø som er direkte knytt til humaniora og samfunnsvitskap, samt forskning på næringsliv og innovasjon.

Budsjettet var i 2024 på 13,5 mill. kroner – 10 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet og 3,5 mill. kroner frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Våren 2024 var det ei felles utlysing mellom SAMISK (13 mill. kroner) og porteføljen Velferd og utdanning (5 mill. kroner) til Forskarprosjekt for fornying. Det prioriterte temaområdet var Utdanning og oppvekst. Av i alt elleve søknader fekk åtte ei vurdering på karakteren 5 eller høgare, men det var berre mogleg å finansiere to prosjekt. Det eine prosjektet skal, ved å sjå på overgangen frå lærarutdanning til praktiserande lærar, bidra til kunnskap om undervising og læring av sørsamisk for å fremje språket. Det andre prosjektet skal utforske tilnærmingar for å transformere samiske utdanningsmetodar i barnehage, grunnskule og lærarutdanning så dei kan styrkje samiske barns identitet og motstandskraft. Prosjektet skal òg studere forsoning på nasjonalt nivå, samiske og urfolks rettigheter, og berekraft.

Eit tredje prosjekt frå denne utlysinga fekk om lag 11,4 mill. kroner gjennom ein optimaliseringspott for humaniorasterke søknader. Dette prosjektet skal undersøke tradisjonelle praksisar for musikkopplæring og evaluere avanserte, moderne og nettbaserte læringsverktøy for å støtte breiare deltaking blant ungdom i samisk musikkultur, gjennom utdanning i musikk.

Forskringsrådet la i 2024 vidare inn 1 mill. kroner i ei Nordforsk-utlysing om klimaendringar i Arktis og konsekvensar for internasjonale relasjonar, lokalsamfunn og urfolksgrupper i Arktis. Her vart ni av i alt 199 søknader finansierte, og fleire av dei har direkte relevans for samisk samfunn og kultur.

Forskringsrådet har i 2024, over FRIPRO, finansiert eit forskarprosjekt 11 mill. kroner som skal lære meir om og forstå erfaringane og opplevingane til autistiske samiske barn og unge og familiane deira. I tillegg er det gitt 25 mill. kroner. til nasjonal forskingsinfrastruktur for nettdata for å styrkje samiske språks representasjon.

I 2025 har SAMISK hatt ei fellesutlysing med porteføljane for Velferd og utdanning, Klima og miljø, Helse, og Energi og transport. Det tematiske rammeverket for utlysinga var kunnskapsbehov som er identifiserte i Sannings- og forsoningskommisjonens rapport. Utlysinga var på i alt 90 mill. kroner. Av dette var om lag 20 mill. kroner frå SAMISK. Det kom inn til saman 43 søknader på i alt om lag 509,4 mill. kroner. Midlane vart fordelte på totalt åtte forskingsprosjekt om samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske forhold.

Forskringsrådet vil også i utlysingar framover sjå SAMISK i samanheng med andre porteføljor.

Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026 ¹
322	70	Nasjonale kulturbygg (Nordlandsmuseet, Bymuseet i Bodø, Fase 2) ²		3 000	
325	72	Kultursamarbeid i nordområda (Dáiddadállu og Riddu Riddu)	3 100	3 210	4 500 ³
328	78	Andre museum- og kulturverntiltak (Sametinget)	2 220	2 300	2 300
334	78	Film- og dataspeltiltak (Internasjonalt samisk filminstitutt (ISFI))	18 670	19 350	23 000
335	71	Mediestøtte (tilskot til samiske aviser)	42 760	44 385	45 970
337	71	Kompensasjons- og vederlagsordningar (Visningsvederlag til samiske fond)	1 535		⁴
337	71	Kompensasjons- og vederlagsordningar (Bibliotekvederlag til samiske fond)	1 541	1 593	⁵
Sum			69 826	73 838	75 770

Beløpa i tabellen utgjør berre tildelingane til samiske føremål over postane.

² Tildelingane gjaldt siste fase av rehabiliteringa av Bymuseet i Bodø, og tilrettelegging for ei samisk utstilling i samarbeid med Árran lulesamisk museum (totalt 11 mill. kroner).

³ Summen omfattar berre tilskota til det samiske kunstnarkollektivet Dáiddadállu og den internasjonale urfolksfestivalen Riddu Riddu, sjølv om andre kulturtiltak, som omfattar samiske aktørar og prosjekter også får tildelt midlar over posten.

⁴ Storleiken på visningsvederlaget for 2025 og 2026 blir fastsett etter at ramma for lønnsoppgjeret i staten for desse åra er kjente.

⁵ Bibliotekvederlaget for 2026 blir fastsett ved at einingsprisen for 2025 blir indeksregulert og blir multiplisert med utlånsbestanden per 31. desember 2025.

Samiske kulturbygg:

Kultur- og likestillingsdepartementet er oppdragsgjevar for statlege byggeprosjekt i kultursektoren. Gjeldande praksis er at samiske kulturbygg blir oppførte i regi av Statsbygg på oppdrag frå departementet.

RiddoDuottarMuseat (RDM) i Karasjok – forprosjekt

Det samiske museet RiddoDuottarMuseat (RDM) i Karasjok har behov for nye lokale, mellom anna for å kunne vise den betydelege samiske kunstsamlinga som blir forvalta av museet for publikum, og for å kunne ta imot dei gjenstandane som skal tilbakeførast gjennom Båastede-avtalen. Kultur- og likestillingsdepartementet ga i 2023 Statsbygg i oppdrag å setje i gang forprosjektering av eit nybygg for RDM, og forprosjektfasen er i gang.

Kap. 325 Allmenne kulturføremål, post 72 Kultursamarbeid i nordområda

Regjeringa foreslår å auke tildelingane til det samiske kunstnarkollektivet Dáiddadállu med 1,2 mill. kroner. I samarbeid med Riddu Riddu Festivála vil Dáiddadállu oppretta eit eksportkontor/Agency for samisk kunst. Eksportkontoret skal fungere som eit samisk agentur og koordinerande instans for internasjonal formidling av samisk kunst.

Kap. 328 Museum m.m., post 78 Andre museums- og kulturverntiltak

Det blir foreslått 2,3 mill. kroner til Sametinget i 2026 til vidareføring av prosjektet Dávvirat Duiskkas, som betyr «Gjenstandar i Tyskland». Gjennom prosjektet samarbeider tyske og samiske museum om kartlegging og kunnskapsutveksling om samiske gjenstandar i tyske samlingar. Sametinget er prosjekteigar, medan Samisk museums- og kulturverntiltaksutval er prosjektansvarleg.

Kap. 334 Film- og dataspelføremål, post 78 Filmtiltak

For 2026 blir det foreslått eit tilskot på 23 mill. kroner til Internasjonalt Samisk Filminstitutt (ISFI). Tilskotet blir auka med 3 mill. kroner i samband med at Kultur- og likestillingsdepartementet tilrår at ISFI blir gitt eit nasjonalt mandat med særleg ansvar for samisk film i Noreg.

Kap. 335 Mediestøtte, post 71 Mediestøtte

Det blir foreslått ei løyving på 46 mill. kroner til tilskot til samiske aviser. Tilskotsordninga blir forvalta av Medietilsynet i samsvar med gjeldande forskrift om tilskot til samiske aviser. I 2025 har ei ny forskrift om tilskot til samiske nyheits- og aktualitetsmedium vore på høyring. Hovudendringane i forslaget til ny forskrift er knytt til kvalifikasjonskriterium og kriterium for fordeling og berekning av tilskot til støttegodkjende medium. Det er venta at ny forskrift trer i kraft 1. januar 2026.

Kap. 337 Kompensasjons- og vederlagsordningar, post 71 Vederlagsordningar

Visningsvederlaget er eit kollektivt vederlag for visning av verk som er i offentleg eige eller i eiget til offentleg støtta institusjonar, og blir forvalta av fire vederlagsfond. Ordninga er regulert i lov 28. mai 1993 nr. 52 om vederlag for visning av biletkunst og kunsthåndverk, mv. Den delen av vederlaget som gjeld visning av samisk visuell kunst blir fordelt til Samiske kunstneres og forfatteres vederlagsfond.

Bibliotekvederlaget er eit kollektivt vederlag regulert i lov 29. mai 1987 nr. 23 om bibliotek-vederlag. Opphavarar til verk som blir lånte ut i offentlege bibliotek skal ha vederlag. Vederlaget blir berekna etter ein sats per utlånseining og blir fordelt til aktuelle vederlagsfond, blant desse Samisk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Samiske kunstneres og forfatteres vederlagsfond.

Andre midlar til samiske kulturføremål

Fleire mottakarar av tilskot/løyving over budsjettet til Kultur- og likestillingsdepartementet forvaltar oppgåver og tiltak retta mot samisk språk og kultur, m.a. Arkivverket (Samisk arkiv), Nasjonalbiblioteket, Medietilsynet, Norsk kulturråd, Norsk filminstitutt og Kulturtanken og NRK (NRK Sápmi). Det same gjeld ulike kulturaktørar som mottar midlar over budsjettet til departementet, til dømes Office of Contemporary Art (OCA) og musea i det nasjonale museumsnettverket.

Nasjonalbiblioteket – norske og samiske språkmodellar (KI)

Regjeringa forslår å vidareføre løyvinga på 40 mill. kroner til norske og samiske språkmodellar. 20 mill. kroner av løyvinga skal gå til Nasjonalbiblioteket som frå 2025 har ansvar for å trene, oppdatere og tilgjengeleggjere norske og samiske språkmodellar. 20 mill. kroner skal gå til finansiering av reknemakta til trening av modellane, levert av Sigma2 som er finansiert over Kunnskapsdepartementets budsjett.

I budsjettet for 2026 foreslår regjeringa å løyve 45 mill. kroner til ei vederlagsordning som gir Nasjonalbiblioteket tilgang til å bruke aviser i trening av språkmodellar, jf. omtale under kap. 326 Språk- og bibliotekføremål i Kultur- og likestillingsdepartementets budsjettframlegg.

Spelemidlar til Den kulturelle skulesekken

I 2025 vart det avsett 390 mill. kroner til Den kulturelle skulesekken (DKS) i hovudfordelinga av spelemidlar til kulturføremål. Kulturtanken har eit ansvar for å fremje samisk og nasjonale minoritetars kunst, kultur og språk gjennom ordninga til alle skuleelevane i landet. I tilskotsbreva til fylkeskommunane og kommunane er det tydeleg spesifisert at samiske språk skal styrkjast, og at samiske kunst- og kulturuttrykk skal vere ein integrert del av DKS-tilbodet.

Spelemidlar til samisk idrett

I 2025 vart det avsett 4 mill. kroner til samisk idrett ved hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsføremål. Tilskotet vart overført til Sametinget, som er ansvarleg for den vidare fordelinga i tråd med målsetjinga for tilskotet. Grunngevinga er å halde oppe og vidareutvikle særigne samiske idrettsaktivitetar som er ein del av samisk kultur. Målsetjinga vidare er at midlane skal bidra til auka omfang av idrett og fysisk aktivitet i befolkninga, og tilskotet skal primært nyttast til aktivitetar retta mot barn (6– 12 år) og ungdom (13–19 år).

Justisdepartementet (JD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
440	01	Politiet – samiske språkmidlar		400	400
440	01	Politiet – statens barnehus i det samiske kjerneområdet		5 000	5 000
440	70	Forum for arbeid mot vald og overgrep i samiske samfunn	400	400	400
442	01	Politiutdanning i Alta	7 500	15 500	15 500
		Sum	7 900	21 300	21 300

Kap. 440 Politiet, post 01 Driftsutgifter

Under kap. 440, post 01 har det vore stilt midlar til disposisjon over fleire år for dei politidistrikta der det er kommunar innanfor forvaltningsområdet for samiske språk. For 2025 er det sett av 400 000 kroner, og det blir tatt sikte på å setje av tilsvarende beløp i 2026.

Målsetjinga er å motivere til auka kunnskap om samisk språk og kultur i politidistrikt med samisk befolkning. Politidistrikt som har kommunar med tospråkleg forvaltning, kan få tildelt midlar til utgifter dei har hatt som følge av dette. Administrasjonen av ordninga er delegert til Finnmark politidistrikt, som har eit nasjonalt ansvar for å administrere ordninga i samsvar med gjeldande instruks. Språkreglane i samelova omfattar politidistrikta Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark, som alle har kommunar som kjem inn under avgjerdene i samelova.

Det er oppretta ei samisk nettverksgruppe med representantar frå Kriminalomsorga region nord, sekretariatet for konfliktråda og Domstoladministrasjonen. Politiet er representert med tre representantar. Gruppen arbeider med forslag til tiltak for å styrkje samisk rettstryggleik.

Saksbehandlings- og arkivsystemet til politiet er tilrettelagt slik at alle brukarar kan nytte brevmalar på både nord- og sørsamisk. Systemet dekkjer verksemdsområda leiing, styring og støttefag (til dømes HR – HMS) i tillegg til forvaltningssaker. Tilrettelegginga av samiske brevmalar er eit steg på vegen til at politiet sjølv kan leggje til rette ytterlegare for saksbehandlingsstøtte på samisk innanfor dei nemnde saksbehandlingsprosessane. Visse dokument innanfor straffehandsaminga til politiet er omsette til nordsamisk.

Arbeid mot vald og overgrep i samiske samfunn

Opptappingsplanen mot vald og overgrep i nære relasjonar (2024–2028) *Tryggleik for alle*, som regjeringa la fram i desember 2023, inneheld eit eige kapittel om vald og overgrep i samiske samfunn. Arbeidet for å førebygge og kjempe mot vald og overgrep i samiske samfunn må sjåast i samanheng med det generelle arbeidet mot vald og overgrep, men også i lys av pågåande initiativ for å fremje samisk språk og kultur og med anna arbeid som skal bidra til å styrkje den gjensidige tilliten mellom norske styresmakter og den samiske befolkninga. For å sikre eit likeverdig hjelpetilbod, er det behov for å innarbeide samisk språk- og kulturkompetanse, i alle sektorar og på alle nivå, i det allereie eksisterande hjelpetilbodet. Vald og overgrep er ei utfordring som må løysast i fellesskap mellom det samiske samfunnet og norske styresmakter.

I statsbudsjettet for 2022 vart det gitt ei løyving på 5 mill. kroner til å etablere eit eige barnehustilbod særleg tilrettelagt for barn i samiske kjerneområde. Løyvinga er varig og blir vidareført også i 2025. Politidirektoratet har gitt Finnmark politidistrikt i oppdrag å etablere barnehustilbodet. Statens barnehus Finnmark (Stáhta mánáidviessu Finnmárkkus) skal ha fleire lokasjonar, der Karasjok er ein av dei. Stáhta mánáidviessu Finnmárkkus avdeling i Karasjok vart opna i eit nybygg i august 2025.

Politiutdanning i Alta

Det har i fleire år vore krevjande å rekruttere og behalde tilsette i Finnmark politidistrikt. Ei særleg utfordring har vore å rekruttere studentar frå den samiske delen av befolkninga. Regjeringa etablerer derfor eit pilotforsøk med desentralisert politiutdanning i Alta. Pilotforsøket vil bestå av eit kull med 24 studentar, som startar utdanninga skuleåret 2025–26 og som fullfører våren 2028. Undervisninga vil skje i lokala til UiT Noregs arktiske universitet, Campus Alta. Eit mål med politiutdanning i Alta er å få fleire søkjarar, studentar og politifolk frå den samiske befolkninga.

Forum for arbeid mot vald og overgrep i samiske samfunn

Fleire fagmiljø, organisasjonar og einskildpersonar har viktig kunnskap og kompetanse om vald og overgrep i samiske samfunn. Både på kommunalt og regionalt plan blir det arbeidd med å finne betre løysingar for å førebygge og avdekkje vald og overgrep. Godt samarbeid og nettverksarbeid kan vere avgjerande. Den samiske befolkninga bur spreidd, og hjelpeapparat og politi kan ha nytte av å tileigne seg kunnskap og erfaringar som tenester i andre geografiske område har opparbeidd seg. I 2024 og 2025 løyvde Justis- og beredskapsdepartementet 400 000 kroner til RVTS Nord til eit forum for utvikling av arbeidet mot vald og overgrep i samiske område og utveksling av erfaringar og kompetanse mellom deltakarane. Tilsvarande beløp blir løyvd for 2026.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)

Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
900	75	Tilskot til særskilde prosjekt, <i>kan overførast</i> ¹			7 000
		Sum			7 000

¹ Beløpet i tabellen utgjør berre tildelingane til samiske føremål, og ikkje totalsummen på posten.

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet post 75 Tilskot til særskilte prosjekt, *kan overførast*

Posten omfattar tilskot til særskilde prosjekt som er vesentlege i departementets arbeid med nærings- og fiskeripolitikken. For 2026 er posten styrkt med 7 mill. kroner i øyremerka tilskot til eit samisk næringsfond. Målsettinga med eit slikt næringsfond er å bidra til å styrkje tilgangen på investeringskapital for prosjekt som har potensial til å utvikle lønsam næringsverksemd basert på samisk kultur og identitet, særleg i samiske område.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)

			(i 1000 kroner)		
			Rekneskap 2024	Saldert budsjett	Forslag
Kap.	Post	Nemning		2025	2026
760	71	Kommunale helse- og omsorgstenester, forskning, fagutvikling og rekruttering ¹	43 800 ¹	54 600	28 400
765	21	Psykisk helse, rus og vald, spesielle driftsutgifter ²	500	500	
		Sum ²	44 300	55 100	28 400

¹ Kap. 760 vart oppretta som nytt kapittel i 2025. Rekneskap 2024 viser til rekneskap for dei aktuelle tiltaka plassert over kap. 761, post 21 og kap. 762, post 70.

² Midlane blir foreslått lagt inn i ein større pott og det er dermed ikkje lenger ei løyving øyremerka samiske føremål.

Kap. 760 Kommunale helse- og omsorgstenester, post 71

Kompetanseheevande tiltak i omsorgstenestene til samiske brukarar

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å bygge opp, implementere og styrkje kvaliteten i helse- og omsorgstenestene til brukarar med samisk språk- og kulturbakgrunn gjennom fagutvikling og kompetanseheving. Tiltaka skal rettast mot område som omfattar innbyggjarar med både sør-, nord- og lulesamisk språk og kultur. Tilskotet skal bidra til å skaffe, initiere og spreie kunnskap om behova til samiske innbyggjarar som mottek kommunale helse- og omsorgstenester, og dessutan korleis desse behova best kan dekkast og bidra til auka kompetanse blant personell som yter kommunale helse- og omsorgstenester til samiske brukarar.

I 2024 fekk fire av sju søkjarar tilskot gjennom ordninga. Helsedirektoratet vurderer mål-oppnåinga i tilskotsordninga som høg. Det blir rapportert om høg aktivitet med samarbeid på tvers av kommunar, mellom anna om kommunen sitt planverk for vald i nære relasjonar og nettverk for å styrkje og utvikle helsetenester for den samiske befolkninga. Helsedirektoratet melder at tiltaka har bidrege til auka fokus på og tilpassing av tenester til brukarar med samisk språk- og kulturbakgrunn.

Det blir foreslått føre vidare løyvinga med 1,3 mill. kroner i 2026.

760.71 Senter for samisk helseforskning

Føremålet med tilskotsordninga for samisk helse er å bidra til likeverdige, kunnskapsbaserte helse- og omsorgstenester til den samiske befolkninga. Tilskotet blir forvalta av Helse-direktoratet.

Det er behov for oppdatert kunnskap om helsa til den samiske befolkninga, og den samiske befolkninga si bruk av helse- og omsorgstenester. Løyvinga dekkjer tilskot til Senter for samisk helseforskning (SSHf), som er eit sjølvstendig senter ved Institutt for samfunnsmedisin ved UiT Noregs arktiske universitet.

Hovudoppgåva til senteret er å drive forskning med fokus på helse og levekår i den samiske befolkninga. Senteret har et breitt internasjonalt samarbeid. Det vart løyvd 7,8 mill. kroner i 2025.

SSHf driftar og har ansvar for fleire forskingsprosjekt, senteret si største forskingsportefølje er SAMINOR, i tillegg driv senteret prosjektet «Perspektiv på covid-19 i samiske samfunn i Norge». SSHf deltek også i GIDA-Sápmi, eit samisk nettverk under The Global Indigenous Data Alliance (GIDA), som jobbar for å sikra urfolks rett til sjølvråderett over eigne data. SSHf har også saman med FHI utarbeidd kunnskapsgrunnlaget om folkehelse og levekår i samiske område.

Det blir foreslått å løyve 8 mill. kroner i 2026, med unntak av 2 pst. som blir gjort avhengig av resultatbasert fordeling.

760.71 Saminor 3

Senter for samisk helseforskning har gjennomført større befolkningsundersøkingar i kommunar med samisk befolkning i 2003–2004 og 2012–2014, kjent som Saminor 1 og 2. Studiane har påvist fleire helseutfordringar i den samiske befolkninga utan at årsakssamanhengane er kjende. Ei ny større undersøking, Saminor 3, starta opp i 2023 og vil etter planen vare ut 2025. Nord-, lule- og sørsamiske område vil bli inkluderte i studien. Føremålet med forslaget om den vidare løyvinga er etterarbeid og oppfølging knytt til datainnsamlinga.

Det vart løyvd 40,5 mill. kroner til Saminor 3 i saldert budsjett 2025. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 27 mill. kroner. Det blir foreslått 13,9 mill. kroner til Saminor 3 i 2026.

760.71 Samisk helseteam

Samisk helseteam/saemien healsoedáehkie hjelper til med å utvikle likeverdige helsetenester til samisk befolkning, gjennom eit helseteam som utfører pasientbehandling, kompetanseheving og fagutvikling i kommunar og helseforetak. Målgruppa for arbeidet er befolkning i sør- og lulesamiske område. Det blir foreslått å vidareføre løyvinga med 5,2 mill. kroner i 2026, med unntak av 2 pst. som blir gjort avhengig av resultatbasert fordeling.

Barne- og familiedepartementet (BFD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert	Forslag 2026 ¹
				budsjett 2025	
842	01	Nasjonalt samisk kompetansesenter ²	10 705	10 950	10 950
		Sum	10 705	10 950	10 950

¹ Beløp i tabellen viser berre til tildelingane til samiske føremål. For ei nærare spesifisering av den totale storleiken på budsjettpostane, viser vi til Barne- og familiedepartementets Prop. 1 S (2024-2025).

² Midlane er løyvde over kap. 842, post 01 frå 2025. Nasjonalt samisk kompetansesenter vart tildelt driftsmidlar over kap. 854, post 21 i 2024.

Det blir foreslått løyvd midlar til samiske føremål over følgjande budsjettkapittel i 2024:

Kap.	Post	Nemning
840	70	Tilskot til valdsforebyggande tiltak mv.
842	01	Nasjonalt samisk kompetansesenter

For nærare spesifisering av budsjettposten, viser vi til Barne- og familiedepartementets Prop. 1. S (2025-2026)

Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep, post 70 Tilskot til valdsforebyggande tiltak mv.

Midlane på posten går mellom anna til tilskot til stiftinga Alternativ til Vold (ATV) til drift av ATV-kontor. Under dette inngår også eit ATV-kontor i Finnmark med samisk kompetanse. Hovudkontoret er plassert i Alta med utekontor i Kirkenes, Karasjok og Kautokeino. ATV-Finnmark er finansiert med statlege midlar.

Løyvinga blir òg nytta til tilskotsordninga Tilskot til tiltak mot vald og overgrep. Målet med ordninga er å bidra til å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar og å styrkje meistringsevna og livskvaliteten til barn og unge som er eller har vore utsette for vald eller seksuelle overgrep. Krisesentera kan òg søkje om midlar til å vidareutvikle tilbodet til særleg utsette grupper, mellom anna samar. Både i 2024 og i 2025 fekk Alta krisesenter 700 000 kroner til implementering av samisk krisesentertilbod. Narvik og omegn krisesenter fekk 100 000 kroner i 2024 til utvikling av informasjonsmateriale på samisk og kompetanseheving.

Kap. 842 Familievern, post 01 Driftsutgifter – Nasjonalt samisk kompetansesenter

Nasjonalt samisk kompetansesenter (NASAK) vart formelt opna i oktober 2022. Føremålet med NASAK er å styrkje kvaliteten på tilbodet til samiske barn, vaksne og familiar i det kommunale og statlege barnevernet, familievernnet og krisesentera.

NASAK har stillingar i ulike samiske område (nordsamisk, lule- og markasamisk, sørsamisk og bysamisk), med hovudbase i Karasjok, og ei eiga avdeling ved Indre-Finnmark familievernkontor. For å sikre praksisnær kunnskapsutvikling og styrking av lokale tenester er nokre av stillingane delvis knytte til andre lokale tenester.

Løyvinga i 2025 er på 10,95 mill. kroner. Løyvinga til senteret blir vidareført i 2026.

Landbruks- og matdepartementet (LMD)

		(i 1 000 kroner)		
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
1142	Landbruksdirektoratet ¹	22 547	26 201	46 880
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	199 966	225 000	250 000
	Sum	222 513	251 201	296 880

¹ Beløpet i tabellen under kap. 1142 Landbruksdirektoratet omfatter tildelingar gitt over post 45, 70, 71, 72, 79 og 83, jf. postomtala under.

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

Tabellen under viser den samla løyvinga på kapittel 1142 Landbruksdirektoratet, men teksten omfatter berre dei budsjettpostane som er direkte knytte til den offentlege forvaltninga av reindrift.

		(i 1 000 kroner)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	283 212	298 230	310 080
21	Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn	60 764	70 935	81 500
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 110	12 760	13 194
50	Arealressurskart	8 039	8 251	8 000
60	Tilskot til veterinærdekning	195 638	201 779	207 032
61	Tilskot til skrantesjueprøver frå fallvilt			1 326
70	Tilskot til fjellstuer	862	885	885
71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	3 106	5 926	5 900
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	590	630	630
73	Tilskot til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	25 210	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt		1 000	500
75	Stønad til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	58 965	59 544	79 000
77	Tilskot til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	466 014	150 000	50 000
78	Tilskot til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	11 602		
79	Tilskot til reindrifta for del av verdiskaping frå vindkraft	5 879	6 000	6 271
80	Beredskapslager matmjøl		1 000	
81	Tilskot til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark		14 000	
83	Tiltak for sameksistens mellom reindrift og jordbruk			20 000
	Sum kap. 1142	1 131 991	886 550	839 928

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje drift av Landbruksdirektoratet. Landbruksdirektoratet er mellom anna utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale reindriftspolitiske verkemidla, og skal legge til rette for å nå måla i reindriftspolitikken. Landbruksdirektoratet forvaltar i samband med dette reindriftslova og verkemidla under reindriftsavtalen, og er òg sekretariat for Reindriftsstyret, styret for Reindriftens utviklingsfond og for Markedsutvalet for reinkjøtt og Økonomisk utval. Direktoratet skal bidra med støtte og utgreiingsarbeid, og direktoratet skal i vesentleg grad ha ei rådgivande rolle på reindriftsområdet. Landbruksdirektoratet har i 2023 starta å bygge opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning, og har ei viktig oppgåve i å styrkje arbeidet med å vareta areala til reindrifta i offentlig forvaltning. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 310 mill. kroner for 2026.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Budsjettframlegg 2026

Løyvinga skal mellom anna dekkje utgiftene til oppfølging av Noregs ansvar ved gjennomføringa av internasjonale avtaler, og til oppføring og vedlikehald av grensegjerde mot Russland, Finland og Sverige. Oppfølging av norsk-finsk reingjerdekonvensjon skjer gjennom den norsk-finske reingjerdekommisjonen. Løyvinga skal dekkje kostnader til møta i kommisjonen. Posten skal vidare dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Røros-regionen og til vedlikehald av gjerde i Hemsedal og Lærdal. I tillegg skal posten dekkje større utstyrskjøp og vedlikehald knytt til reindriftsforvaltning. Posten skal òg dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter i samsvar med gjeldande reingjerdekonvensjon og avtaler. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,2 mill. kroner. Det er eit stort behov for vedlikehald av gjerde mot Finland og Russland, og dette skal prioriterast i 2026.

Rapport 2024

I 2024 vart det utbetalt 12,1 mill. kroner på posten. Utgiftene til kritisk vedlikehald av reingjerde mot Russland, Finland og Sverige vart dekte av posten, i tillegg til vedlikehald av gjerda i Røros-regionen og i Hemsedal og Lærdal. Vidare vart det utbetalt erstatning til finske styresmakter for norsk rein som kryssa grensa til Finland, utgifter til norsk/finsk reingjerdekommisjon og utgifter til vedlikehald av hytter. Utover dette er ein del av kostnadene knytt til digitalisering av reindriftsforvaltninga dekt over posten. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har fått dekt drift og vedlikehald av feltkøyretøy og feltutstyr og kostnader i samband med bistand til direktoratet knytt til feltoppdrag som gjaldt oppfølging av norsk/finsk reingjerdekonvensjon og reingjerde mellom Noreg og Russland.

Post 70 Tilskot til fjellstover

Budsjettframlegg 2026

Føremålet med løyvinga er å drifte dei tre statseigde fjellstuene Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstuene bidreg til å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng, mellom anna for reingjetarar, og har plikt til å halde ope heile året. Landbruksdirektoratet inngår kontrakt med dei som driv fjellstuene. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 885 000 kroner.

Rapport 2024

I 2024 vart det gitt tilskot til alle dei tre fjellstuene, totalt vart det utbetalt 862 000 kroner. I tillegg til det faste driftstilskotet vart det òg gitt eit variabelt tilskot til innkjøp av naudsynt utstyr.

Post 71 Tiltak for berekraftig reindrift, kan overførast

Budsjettframlegg 2026

Føremålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift. Reinteljing og oppfølging av godkjende bruksreglar er sentrale tiltak, i tillegg til kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige. Løyvinga på posten skal nyttast til kontroll og oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar. Løyvinga skal òg nyttast til kontroll av grensekryssande reinbeite og handheving av beitetider og bruk av beiteområde.

Betre kunnskap om produksjon og tap er avgjerande både for å dempe konflikhtar og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Kostnader ved slik kunnskapsutvikling blir dekte

av posten. Utover dette er føremålet med løyvinga å dekkje overvakingsprogrammet for Finnmarksvidda, enkelte utviklings- og utgreiingskostnader og arealbrukskart for reindrifta. Oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar, saman med kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige, er prioriterte oppgåver i 2026. Løyvinga skal òg dekkje kostnader ved tiltak i reindriftnæringa ved radioaktivt nedfall. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5,9 mill. kroner.

Rapport 2024

I 2024 vart det utbetalt 3,1 mill. kroner på posten. Landbruksdirektoratet gjennomførte eit utviklingsprosjekt for reinteljing med drone. Vidare har Statsforvaltaren i Troms og Finnmark gjennomført reinteljing i eit distrikt i Finnmark. Utover dette er ulike kontrolltiltak knytt til grenseoverskridande reindrift mellom Noreg og Sverige og tiltak for berekraftig reindrift i Finnmark, dekte over posten.

Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, overslagsløyving

Budsjettframlegg

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet frå Frostating lagmannsrett 2. september 1999, og beiteleige ut frå inngåtte reinbeiteavtalar med grunneigarar i Trollheimen.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 0,63 mill. kroner for å dekkje inngåtte avtalar.

Rapport 2024

Det vart utbetalt erstatning til 44 grunneigarar i Trollheimen. Beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet reinbeiteforening for driftståret 2023/2024 er òg dekt over denne posten. Det vart totalt utbetalt 590 000 kroner over posten.

Post 79 Tilskot til reindrifta for del av verdiskaping frå vindkraft

Budsjettframlegg 2026

Føremålet med løyvinga er å overføre ein del av verdiskapinga frå vindkraftproduksjon til reindrifta som blir påverka av denne. Tilskotet skal givast til reinbeitedistrikt eller siidaar der eit vindkraftprosjekt, aleine eller sett i samanheng med andre tiltak, kan ha negative konsekvensar av betyding for reindrift. Ordninga omfattar vindkraftproduksjon frå anlegg som er konsesjonspliktige etter energilova. Løyvinga for 2025 er berekna på grunnlag av vindkraftproduksjonen i 2023. Tilskotet skal givast på grunnlag av ei konkret vurdering av kva siida/reinbeitedistrikt vindkraftverket, åleine eller sett i samanheng med andre tiltak, kan få negative konsekvensar for. Landbruksdirektoratet skal forvalte ordninga. Midlane skal overførast til distriktsfond eller siidafond, og skal disponerast etter vedtektene for dei respektive fonda.

Det blir gjort framlegg om ei løyving på 6,3 mill. kroner for 2026.

Rapport 2024

Det er utbetalt 5,9 mill. kroner i tilskot i 2024, fordelt på elleve tilskotsmottakarar. Det er utbetalt tilskot til alle reinbeitedistrikt eller siidaar der vindkraftverk har negative konsekvensar for reindrifta.

Post 83 Tiltak for sameksistens mellom reindrift og jordbruk

Posten er ny. Føremålet med løyvinga er å gjennomføre tiltak som kan legge til rette for sameksistens mellom reindrift og jordbruk. Landbruks- og matdepartementet etablerte i januar 2024 eit utval som skal foreslå moglege løysingar for dette. Løyvinga på posten er ei ramme for å gjennomføre tiltak som utvalet gjer framlegg om.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 20 mill. kroner.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1000 koner)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
51	Tilskot til Reindriftens utviklingsfond	69 250	73 900	81 800
72	Tilskot til organisasjonsarbeid	8 100	8 600	10 500
75	Kostnadssenkande og direkte tilskot, <i>kan overførast</i>	118 933	138 400	153 300
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	3 683	4 100	4 400
Sum kap. 1151		199 966	225 000	250 000

Den 14. februar 2025 vart staten og Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) samde om reindrifftsavtalen 2025/2026. Avtalen har ei ramme på 250 mill. kroner. Dette er ein auke på 25 mill. kroner samanlikna med reindrifftsavtalen 2024/2025. Reindrifftsavtalen 2025/2026 fører vidare både prioriteringa av dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd og hovudlinene i tilskotssystemet. Det gir stabilitet for næringsutøvarane. Siidaandelar som ikkje følgjer opp vedtak om reduksjon av reintalet, har ikkje rett til tilskot frå avtalen.

Reindrifftsavtalen 2025/2026 er den fjerde reindrifftsavtalen regjeringa Støre inngår med Norske Reindrifftsamers Landsforbund. Semje i avtaleforhandlingane er avgjerande for å støtte opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og Norske Reindrifftsamers Landsforbund.

Proposisjonen om reindrifftsavtalen 2025/2026 vart handsama av Stortinget 18. juni 2025, jf. Prop. 143 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025* under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2025/2026) og Innst. 533 S (2024–2025).

Klima- og miljødepartementet (KLD)

			(i 1000 kroner)		
Kap.	Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
1410	21	Miljødata		10 000	10 000
1420	01	Driftsutgifter	10 000	10 000	10 000
1420	72.2	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt, underpost 2 Erstatning for tamrein	109 762	93 311	108 311
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak	74 148	71 706	51 706
1420	80	Tilskot til tiltak for å ta vare på natur	1 000	500	500
Sum kap. 1410 og 1420			194 910	185 517	180 517

Kap. 1420 Miljødirektoratet post 01 Driftsutgifter

Posten finansierer alle driftsutgifter i Miljødirektoratet, som Statens naturoppsyn (SNO) er ein del av. Statens naturoppsyn er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan.

I statsbudsjettet for 2024 vart det lagt inn 10 mill. kroner som vart vidareført i 2025-budsjettet med føremål om å dempe konfliktnivået og styrkje tilliten til rovviltforvaltninga i Nordland, Troms og Finnmark. Bakgrunnen for konflikten var ulike syn på omfanget av skade på beitedyr og talet på rovvilt i området. Ei styrking av SNO med fleire faste årsverk i regionen gir økt kapasitet til skadedokumentasjon og bestandsovervaking, to viktige innsatsområde for å auke tilliten og dempe konflikt i området. Styrkinga har kome både samiske og andre beiteinteresser i regionen til gode.

Kap. 1420 Miljødirektoratet post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepen eller skadd av rovvilt, der erstatningar for husdyr ligg på underpost 1 og erstatningar for tamrein på underpost 2. Beløpa i tabellen over er knytte til underpost 2, Erstatning for tamrein.

Erstatningane kan variere frå år til år, på grunn av mellom anna naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten (med dei to underpostane) er derfor budsjettert som overslagsløyving. Samla løyving for posten er foreslått til 163,9 mill. kroner, ein auke på 15 mill. kroner som følgje av auka utbetalingar for tamreintap i 2024.

Rapport 2024 for begge underpostane

Erstatningsoppgjeret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldande reglar og det er utbetalt 162,7 mill. kroner i 2024. Totalt er det behandla 1173 søknader om erstatning for bufe tapt til rovvilt i 2024, og det er utbetalt totalt 52,9 mill. kroner i erstatning. Det er behandla 527 søknader om erstatning for tap av tamrein, og det er utbetalt erstatning for 109,8 mill. kroner. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå over år er det god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje nokon tilsvarande samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beiteforhold og anna.

Kap. 1420, post 73 Tilskot til rovvilttiltak, *kan overførast*

Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga for både husdyr og tamrein, inkludert godtgjering til lokale fellingslag. Løyvinga på posten kan også nyttast til tilskot for å auke kunnskapsgrunnlaget som kjem målsetjinga til gode. Foreslått løyving er 51,7 mill. kroner, ein reduksjon på 20 mill. kroner. Posten er redusert med 10 mill. kroner som i 2025-budsjettet var sett av til skadefelling av rovdyr gjennomført av kommunale og interkommunale skadefellingslag. Til kap. 1420, post 21 er det flytta 10 mill. kroner for å finansiere tiltak i tiltaksplanar etter kvalitetsnorma for villrein. Av løyvinga er 0,5 mill. kroner sette av i tilskot til ei fagstilling i Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) som skal arbeide med løpande rovviltrelaterte oppgåver og problemstillingar, og leggje til rette for at reindrifta kan delta aktivt i prosessar innanfor dette området. Landbruks- og matdepartementet bidreg med eit organisasjonstilskot til NRL over Reindriftsavtalen 2025/2026 på 10,5 mill. kroner, som inkluderer midlar til fagstillinga for arbeidet med løpande rovviltrelaterte problemstillingar.

Rapport 2024

I 2024 vart det innvilga 897 søknader og utbetalte om lag 73,1 mill. kroner til rovvilttiltak, av dette 39,2 mill. kroner til førebyggjande tiltak, 2,5 mill. kroner til akutte tiltak, 18,7 mill. kroner til konfliktdempande tiltak og om lag 7,5 mill. kroner til tilrettelegging for framtidige skadefellingsoppdrag. Av dei 73,1 mill. kroner vart også 5,3 mill. kroner utbetalt til kommunar ved refusjon av utgifter i samband med skadefellingsforsøk på rovvilt som er vedteke av Statsforvaltaren, og der forsøk på skadefelling blir utført av kommunalt/interkommunalt utnemnde fellingslag. Fram til 2025 har Elektronisk søknadssenter (ESS) ikkje vore tilpassa å hente ut alle rapporteringstal for ordninga, og rapport for 2024 viser derfor ikkje fullstendig oversikt over talet på avslåtte søknader. Tilskotsforskrifta vart revidert i 2024, og ny forskrift tredde i kraft 1. januar 2025. Føremålet med revisjonen var å forbetre effekten av tiltaka, gjere forskrifta meir føreseieleg og tilpassa gjeldande lovmessige krav, og dessutan sikre ei meir kunnskapsbasert og effektiv forvaltning av midlane på posten. ESS er oppdatert for å reflektere endringane, og er no meir brukarvennleg for søkjar og behandlar. ESS er i 2025 også tilrettelagt for betre rapportering og synleggjering av bruk og erfaringar med tiltaka, som i neste års budsjettproposisjon vil gi meir presis oversikt over mellom anna avslåtte søknader. Det er vanskeleg å gi ei klar vurdering av effekten av tiltak sette i gang i 2024 finansiert av midlar frå ordninga. Tap av sau og tamrein til rovvilt er avhengig av mange faktorar. Tilskot til førebygging har truleg effekt for skade og tap av sau. For tamrein er det vanskeleg å finne eigna førebyggjande tiltak.

Kap. 1420 Miljødirektoratet post 80 Tilskot til tiltak for å ta vare på natur Tilskotsordninga til vassmiljøtiltak, kalking og anadrome laksefisk

Under tilskotsordninga skal 0,5 mill. kroner lysast ut til tiltak for å vidareføre tradisjonell kunnskap om laksefiske i Tanavassdraget, særleg retta mot barn og unge. Beløpet er konkretisert i Prop. 1 S for 2026.

Samferdselsdepartementet (SD)

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald

I reindriftsområda, særleg langs Nordlandsbanen, har Bane NOR SF i fleire år samarbeidd med reindriftseigarar og forskarar for å finne effektive tiltak for å redusere påkøyningar av tamrein. Undersøkingar viser at oppsett av gjerde mellom over- eller undergangar i område der jernbanen kryssar beiteområde eller på strekningar der det er stor hyppigheit av reinpåkøyningar, ser ut til å vere det mest effektive tiltaket. Ein føresetnad for ønskt effekt er at gjerda er tilstrekkeleg lange, er utforma og plassert riktig i terrenget og er av tilstrekkeleg kvalitet for å tole vinterforhold med mykje snø og vind. Samtidig må det vere tilstrekkeleg tal på over- eller undergangar, slik at dyra har mogelegheit til å komme seg trygt over eller under transportinfrastruktur.

Oppsett av gjerde for å redusere påkøyningar av tamrein blir prioritert på jernbanestrekningar der det er stor risiko for påkøyningar og der gjerda kan monterast mellom naturlege viltovergangar. På slike strekningar går talet på reinpåkøyningar kraftig ned.

Bane NOR har gjennom fleire år systematisk rydda vegetasjon langs sporet, samarbeidd med reineigarar om ulike tiltak og gjennomført saktekøyning på jernbanen i periodar der rein oppheld seg langs sporet. Talet på påkøynde tamrein har dei siste åra vore lågare enn på mange år. Dette kan mellom anna forklarast med variasjon i vêr- og snøforhold, men også arbeidet med å setje opp viltgjerde på fleire av dei mest utsette strekningane.

Bane NOR har i perioden 2018–2023 bygd totalt 95 kilometer med vilt- og reingjerde. Gjerda blir sette opp i område med særleg høgt konfliktnivå, der talet på påkøyningar av både tamrein og elg er høgt, primært på strekningar der gjerde kan byggjast mellom naturlege overgangar eller undergangar. Utbygging av viltgjerder både for tamrein og elg vil fortsetje. I 2025 er det planlagt bygging av gjerde på delstrekningar på totalt 10,5 kilometer.

Andre viktige tiltak for å redusere talet på påkøyningar av tamrein er rutinar for meldingar frå reineigarar og lokførarar om at rein er i eller nær sporet (reinformelding). Det blir gjennomført saktekøyning for ein periode på tolv timar under føresetnad av at reineigaren gjennomfører tiltak for å flytte dyra frå linja. I tillegg blir det gitt støtte til bruk av helikopter ved flytting mellom beiteområde.

Bane NOR er involvert i fleire forskingsprosjekt for å finne løysingar som er både kostnadseffektive og har minst mogleg negative verknader på dyr og menneskes bruk av landskapet. I 2023, 2024 og 2025 har det vore uttesting av fleire nye teknologiske løysingar for å oppdage og skremme dyr vekk frå sporet.

Fleire utbyggings- og FoU-prosjekt er i gang:

- Utbygging av viltgjerder på strekningen Agle–Grong på Nordlandsbanen blir gjennomført i 2025.
- Viltvarsling («viltskremming») er eit viltvarslingssystem som skal påverke dyr til å trekkje vekk frå jernbanelinjene når toga passerer. Det er gjennomført testing av viltet sine reaksjonar på ulike lydsignal frå tog. Prosjektet blir vidareført i 2026.
- I prosjekt om teknologiske løysingar for å redusere talet på påkøyrslar av tamrein, blir det greidd ut om eit deteksjonssystem for tamrein når dei held seg nære jernbanelinja, i kombinasjon med varsling til dyreeigarar og eller togleiing, kan gi meir grunnlag for å flytte dyra eller gjennomføre saktekøyning. Systemet vil bli testa ut på ny vinteren 2025–26.

Utgjeve av:
Kommunal- og distriktsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa
www.publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonskode: H-2572 N

